

Ny som barnehagelærer i Vest-Telemark?



Rettleiingsprogram

Vegleingsteamet i Vest-Telemark



Årshjul

Når	Kva	Kven
Juni	Påmelding av nyutdanna pr. e-post til kontaktperson for rettleiingsteamet	Styrrarane
September	Styrarsamling med Universitetet i Sørøst-Norge	Rettleiarar, styrrarar og USN
	Oppstartsamling med USN, og grupperettleiing. Underskriving av rettleiingskontrakter Vegsøkar og rettleiar lagar avtaler	Rettleiarar, vegsøkarar og USN
Oktober	Individuell rettleiing	Rettleiar og vegsøkar
November	Individuell rettleiing	Rettleiar og vegsøkar
	Nettverksamling på USN	Rettleiarar
Januar	Rettleiarsamling med USN	Rettleiarar og USN
Februar	Individuell rettleiing	Rettleiar og vegsøkar
	Rettleiarkonferanse annakvart år, oddetal	Rettleiarar
Mars	Individuell rettleiing	Rettleiar og vegsøkar
	Nettverksamling på USN	Rettleiarar
April	Individuell rettleiing	Rettleiar og vegsøkar
Mai	Evalueringsamling med USN, og grupperettleiing. Barnehageforum er representert	Rettleiarar, vegsøkarar, USN og Barnehageforum

Rettleiarar i Vest-Telemark

Namn	Telefon	E-post	Diverse
Liv Johre Bakke	977 60 221	liv.johre@fyresdal.kommune.no	Kontaktperson
Britt Rønningen	970 95 072	britt.ronningen@vinje.kommune.no	
Elisabeth Nesheim	928 66 473	elisabeth.nesheim@vinje.kommune.no	
Solveig V. Holskar	900 28 524	solveig.holskar@nissedal.kommune.no	
Nina Bakkåker	950 68 142	nina.merete.bakkaaker@seljord.kommune	
Heidi Østland Vala	971 59 218	heidi.o.vala@usn.no	Fagleg kontaktperson, USN
Eva Wikstøl	992 92 558	eva.a.wikstol@usn.no	Fagleg kontaktperson, USN

Avtale om fagleg rettleiing

Følgjande forhold inngår i avtala og forpliktar partane gjensidig:

1. Ansvar

Den som vert rettleia har ansvar for:

- Å bruke rettleiingstida med formål om fagleg og personleg utvikling.
- Å bidra til ei god atmosfære og eit godt læringsmiljø (syne respekt, vere open, vere ærleg, vilje til refleksjon over eigne handlingar).
- Å møte førebudd til rettleiinga.

Rettleiar har ansvar for:

- Å legge til rette for rettleiing.
- Å stimulere til læringsprosessar hos deltakaren og bidra til ei trygg atmosfære (syne respekt, vere open, vere ærleg, vilje til refleksjon over eigne handlingar).
- Å møte førebudd til rettleiing
- Rettleiar kallar inn til rettleiing

2. Omfang

Kvar deltakar får ei grupperettleiing og to individuelle rettleiingar i hausthalvåret, og tre individuelle rettleiingar og ei grupperettleiing i vårhalvåret. Kvar økt varar 1.5 t.

3. Innhald

Utgangspunktet for rettleiinga vil vere den einskilde si oppleving av eigen situasjon og oppgåver som skal løysast. Rettleiinga skal stimulere til refleksjon og sjølvutvikling hos veksøkar. Rettleiing er eit reiskap i arbeidet med å utvikle barnehagen som organisasjon

4. Arbeidsform

Kvar rettleiingssøkt skal innehalde:

- Rettleiing, individuelt/gruppe
- Oppsummering og tiltak til neste gong
- Ny avtale

Rettleiar kan bruke ulike metodar utan å informere den som vert rettleia om dette. Men rettleiar skal respektere og ivareta den som vert rettleia sitt behov.

5. Teieplikt

Alt som foregår i rettleiinga baserast på gjensidig taushet mellom deltakarane. Dette inneber trygghet for at det som er knytt til innhald og prosess ikkje bringas utanfor denne situasjonen. Informasjon/kunnskap om rettleiinga generelt kan fritt formidlast.

6. Attendemelding

Det vert ikkje ført systematisk referat frå rettleiingstimane.

Rettleiar gjer personlege notater for å kunne ivareta prosessen.

Ein oppmodar den som vert rettleia til å føre loggbok som eit hjelpemiddel i eigen læreprosess. Det skal vere to-vegs munnleg attendemelding/oppsummering frå gong til gong.

7. Fråver

Deltakaren definerer sjølv kva som er viktig og legitim fråversgrunn.

Men veksøkar skal melde ifrå om ein ikkje kjem til avtalt tid.

Til utveksling mellom deltakarane i retteleingsprogrammet fyrste år

Eg har forstått vilkåra for at eg/vi skal kunne gjennomføre rettleiing

Stad/dato:

Rettleiar

Vegsøkar

Styrrar

Namn på rettleiar	Telefon	E-post	Arbeidsplass
Namn på vegsøkar	Telefon	E-post	Arbeidsplass
Tidspunkt for rettleiing	Merknader		
Avtale 1:	Oppstartsamling m/ grupperettleiing i september. Innkalling kjem på mail		
Avtale 2:	Individuell rettleiing		
Avtale 3:	Individuell rettleiing		
Avtale 4:	Individuell rettleiing		
Avtale 5:	Individuell rettleiing		
Avtale 6:	Individuell rettleiing		
Avtale 7:	Evalueringsamling m/ grupperettleiing i mai. Innkalling kjem på mail		

Til utveksling mellom deltakarane i retteleiingsprogrammet andre år

Eg har forstått vilkåra for at eg/vi skal kunne gjennomføre rettleiing

Stad/dato:

Rettleiar

Vegsøkar

Styrrar

Namn på rettleiar	Telefon	E-post	Arbeidsplass
Namn på vegsøkar	Telefon	E-post	Arbeidsplass
Tidspunkt for rettleiing	Merknader		
Avtale 1:	Oppstartsamling m/ grupperettleiing i september. Innkalling kjem på mail		
Avtale 2:	Individuell rettleiing		
Avtale 3:	Individuell rettleiing		
Avtale 4:	Individuell rettleiing		
Avtale 5:	Individuell rettleiing		
Avtale 6:	Individuell rettleiing		
Avtale 7:	Evalueringsamling m/ grupperettleiing i mai. Innkalling kjem på mail		

Kvifor rettleiing?

KS og Kunnskapsdepartementet har inngått ei avtale om å arbeide målretta for at **nyutdanna pedagogar i barnehage og skule skal få tilbod om rettleiing**, gjeldande frå 2011-2012.

Barnehageeigar har hovudansvaret for å gje nyutdanna barnehagelærarar rettleiing og oppfølging. I Vest-Telemark gjeld tilbodet over 2 år.

Styrrar har det daglege ansvaret for at nyttilsette nyutdanna barnehagelærarar i eigen barnehage får rettleiing. Rettleiinga skal gjennomførast i arbeidstida.

Rettleiing skal utførast av ein erfaren og kvalifisert rettleiar.

Det er viktig med kvalitet i rettleiinga, og at ordninga sikrar systematisk rettleiing basert på dei nyutdanna sine behov. Rettleiinga skal støtte opp om den nyutdanna sin personlege, sosiale og profesjonelle utvikling som barnehaglærar.

Rettleiingsteamet i Vest-Telemark jobbar på oppdrag frå Barnehageforum. Barnehageforum er samansett av representantar frå dei ulike kommunane. Det vil variere kva for kommune som har rettleiarar og vegsøkarar til ei kvar tid. Den einskilde kommune legg til rette og dekkjer utgiftene for sine vegsøkarar og rettleiarar.

Rettleiing av nyutdanna kan bidra til å:

- sikre ein god overgang mellom utdanning og yrke
- stimulere til refleksjon og sjølvutvikling. Bevisstgjere den nyutdanna i forhold til eigen ståstad, eigne målsettingar og gje støtte til å finne handlingsalternativ som byggjer på den nyutdanna sine visjonar
- auke kvaliteten i barnehagen
- utvikle barnehagen som organisasjon
- utvikle rettleiarkompetanse i eigen organisasjon
- bidra til å rekruttere, utvikle og behalde dyktige barnehagelærarar



Notater